



KOPI

Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3848 - 19/1078

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
14.01.2019

Løyve til etablering av VA-ledninger, samt kaianlegg - gbnr 188/116 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Dette vedtaket gjeld søknad om legging av vatn- og avløpsledningar, samt søknad om løyve til å føre opp kaianlegg og tursti ved vassdraget Kvassnesstemma. Det vert elles vist til søknad motteken 20.12.18.

Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.12.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato (14.03.19).

Planstatus

Tiltaket ligg i regulert område innanfor det som i områdeplanen for Knarvik sentrum (1263201002) er regulert til *Park* og *Gangveg*.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo som er relevante for det omsøkte tiltaket.

Plassering



Plassering av vatn- og avløpsledninger er vist på oversiktsteikningen GH-003 – *VA-arbeid ved helsehuset*, datert 18.12.18. Plasseringen av kaianlegg og turstier er vist på tegning O-101 – *Bryggekonstruksjon*, datert 16.02.18.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket er en del av offentlig ledningsnett.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Forhold til plan

Det er i søknaden søkt om dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 1-8. Denne bestemmelsen gjeld ikkje her då tiltaket ligg mot vassdrag og ikkje sjø. I tillegg er det i kommunedelplanen vist byggegrense mot vassdrag, slik at det er denne byggegrensa som er gjeldande.

Byggegrensa i punkt 2.2.3 i kommunedelplanen inneholder eit unntak for tiltak som legg til rette for allmenne friluftstinteresser. Kommunen har vurdert det omsøkte tiltaket, og kjem til at unntaker er gjeldande for dette. Tiltaket krever difor ikkje dispensasjon frå plan.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Ansvarlig søker har lagt ved rapporten «*Virkninger for akvatisk miljø ved overføring av Loneelva til Kvassnesstemma*». Tiltaket er ein del av dette arbeidet, og kommunen har lagt rapporten til grunn i vår vurdering.

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn til legging av vass- og avløpsledningar, samt til å føre opp kaianlegg med turstier, på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist på oversiktsteikningen GH-003 – *VA-arbeid ved helsehuset*, datert 18.12.18, og O-101 – *Bryggekonstruksjon*, datert 16.02.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3848

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
	Kvernhusmyrane		
	20		
Lindås kommune	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
	Kvernhusmyrane		
	20		

Kopi til:

Norconsult AS

Postboks 1199

5811

BERGEN

Mottakrar:

Norconsult AS

Postboks 1199

5811

BERGEN

KOPPI